



Notat

Til:	
Kopi til:	
Fra:	Torstein Andreas Engstad, Driftsavdeling
Godkjent av:	

Vår ref.  
23/00443-1

Dato  
03.04.2023

## Utbyggingsavtale Løvik Byggservice As, Falkhyttrøra

# UTBYGGINGSAVTALE

MELLOM

**AUKRA KOMMUNE**

Org.nr.: 964 981 337

OG

**Byggmester Finn Løvik**

18.04.48

### 1. Generelt

Reguleringsplan 201605, kommunal reguleringsplan Falkhytten sentrum Aust tredje i kraft 20.06.2017. Gjeldande reguleringsplan omfattar også eit område med privatregulerte tomter. Føremålet med denne avtalen er å sikre kommersielle tilhøve, kvalitet, utforming og utføring slik at Aukra kommune kan overta drifts- og vedlikehaldsansvaret for infrastruktur tilhøyrande felt (privat del), ved overlevering frå utbyggar. Utbyggar av feltet er Byggmester Finn Løvik. Grunnlaget for denne avtalen er stadfesta i reguleringsplan av 20.06.2017.

### 2. Avtalen sitt starttidspunkt og lengde

Denne avtalen gjeld frå godkjenningstvedtak i Aukra kommunestyre. Denne avtalen opphøyrer når Aukra kommune tek over infrastrukturen i feltet i samsvar med NS 8405 og har teke over heimelen for veggrunn.

Postadresse

E-post

post@aukra.kommune.no

Besøksadresse

www.aukra.kommune.no

Telefon

+47 71171500

Org.nr

964981337

### **3. Vegar**

Felt Falkhyttrøra har vegtilkomst til FV 530, via KV1036 Falkhyttrøra. Kommunen tek over vegane inne på feltet som vist på vedlagte skisse. Kommunen tek berre over vegane i feltet, plassar og fellesområde i feltet skal ikkje overtakast av Aukra kommune.

Det forutsetjast at det blir lagt fram dokumentasjon på vegoppbygning slik at Aukra kommune kan vurdere om vegane er bygd etter gjeldande normar og krav. Dokumentasjon på veg og vegoppbygning er vedlagt til avtalen.

### **4. Vegbelysning**

Veglys utførast i høve teknisk norm for kommunale gater og veger Aukra kommune. Utbyggar ber kostnadar med vegbelysning. Belysning skal vere av type LED-armatur. Dokumentasjon på vegbelysning og plassering av veglys er vedlagt til avtalen.

### **5. Vatn**

Bustadfeltet er tilknytt offentleg vassleidning.

Utbyggar overleverer prosjekteringsgrunnlag, dokumentasjon og teikningar (as built), på ferdig bygd anlegg for godkjenning før overtaking. Løysningane på VA anlegg må tilfredsstille kommunens VA norm. Dokumentasjon på vassleidningar og kummer er vedlagt til avtalen.

### **6. Avløp spillvatn**

Bustadfeltet er tilknytt offentleg spillvassleidning.

Utbyggar overleverer prosjekteringsgrunnlag, dokumentasjon og teikningar (as built), på ferdig bygd anlegg for godkjenning før overtaking. Løysningane på VA anlegg må tilfredsstille kommunens VA norm.

### **7. Avløp overvatn**

Bustadfeltet er tilknytt offentleg overvassleidning.

Utbyggar overleverer prosjekteringsgrunnlag, dokumentasjon og teikningar (as built), på ferdig bygd anlegg for godkjenning før overtaking. Løysningane på VA anlegg må tilfredsstille kommunens VA norm. Dokumentasjon på avløpsrøyr og kummar er vedlagt til avtalen.

### **8. Tekniske planer**

Utbyggar sørgjer for komplette tekniske planer for veg. Planteikningane skal vere digitale.

Komplette teikningar og byggetekniske utgreiingar skal leggast fram for Aukra kommune i god tid før overtaking slik at eventuelle justeringar til kommunal standard kan gjerast. Overtaking skal gjerast etter norsk standard: NS 8430 – Overtaking av bygg og anlegg.

Dokumentasjon som skal følge avtalen, er teikningsgrunnlaget for prosjekteringa for VVA. Dette skal godkjennast av Aukra kommune.

## 9. Overtaking

Overtaking skal skje etter norsk standard: NS 8430 – Overtaking av bygg og anlegg, NS 8405 - Norsk bygge- og anleggskontrakt skal følgest.

Aukra kommune plikter å overta veger i bustadfeltet når følgjande føresetnader er oppfylt:

- Anlegga og tilhøyrande eigendom blir overdratt vederlagsfritt frå utbygger til Aukra kommune.
- Utbygger kallar inn til overtakingsforretning.
- Veger og tekniske anlegg er bygde og ferdigstilte i høve til tekniske spesifikasjoner og premisser gjeve i byggeløyve.
- Dokumentasjon og «som bygget» teikningar er overlevert Aukra kommune. Dokumentasjon skal vere kommunen i hende før overtaking.
- Tidspunkt for overtakingsforretning vil være når offentlige veger i bustadfeltet er ferdig asfalterte.
- Heimel er overført.

## 10. Representantar for avtalen

Følgjande vil vere partane sine representantar i denne avtalen:

- For Aukra kommune: Torstein Engstad  
Aukra kommune har rett til innsyn i arbeidsgrunnlag og oppfølging/kontroll av materiell og arbeidsutføring av bustadfeltets infrastruktur i byggetida.
- For Løviks Byggservice As: Finn Løvik

## 11. Kunngjering. Tinglysing

Utbyggjar plikter å gjere denne avtalen kjent for kjøparar av seksjonar i byggefeltet.

## 12. Transport av avtalen


Denne avtalen kan ikkje overførast til annan utbygger utan at dei same pliktene overfor Aukra kommune blir overførte. Slik overføring skal godkjennast av Aukra kommune.

## 13. Misleghald/tvistar

Skulle det oppstå usemje om fortolking eller misleghald av denne avtalen skal partane søkje å oppnå semje.

Blir semje ikkje nådd, skal tvisten løysast ved dei ordinære domstolane.

Aukra, den 22./05. 2023

  
Ordfører: Odd Jørgen Nilsen



Aukra, den 17/4. 2023

  
Byggmester Finn Løvik

Vedlegg:  
Vegprofil og oppbygging Falkhyttrøra  
Veglysplassering Falkhyttrøra  
Tilbud vegbelysning Falkhyttrøra  
Dokumentasjon VA